



Meland Kommune
Ordførar Øyvind H. Oddekalv
Pb 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/70 - 18/4411

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
28.02.2018

Godkjenning - GBNR 24/27 - Endring av gitt løyve - Langeland

Administrativt vedtak. Saknr: 46/2018

Tiltakshavar: Meland Kommune

Søknadstype: Søknad om endring av gitt løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

I vedtak datert 20.2.2018, saksnr. 37/2018, gav Meland kommune dispensasjon frå plankrav og løyve til arealoverføring frå gbnr. 24/3, 5 og 12 til gbnr. 24/27, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 20-1 bokstav m).

Løyvet inneber overføring av eit areal på om lag 3250 m² frå gbnr. 24/3, 13000 m² frå gbnr. 24/5 og 1800 m² frå gbnr. 24/12.

Tiltakshavar har i ettertid bede kommunen om å endre vedtaket slik at det ikkje omfattar arealoverføring, men frådeling, slik at areala blir oppmålt og gitt eigne bruksnummer.

VURDERING:

Nabovarsling:

Omsøkt arealoverføring var nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd. Ettersom endringa i lita grad berører interessene til naboane, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarsling av endringa, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Oppretting og endring av eigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6 og er søknadspliktig etter pbl § 20-4, jf. § 20-2, jf. § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom, (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrensar, må ikkje gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid mot denne lov, forskrift eller plan.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det omsøkte arealet er satt av til framtidig bygg og anlegg, under dette offentleg eller privat tjenesteyting. I arealdelen til kommuneplanen (KPA) som vart vedteken 17.6.2015. Deling som omsøkt er difor i samsvar med arealformålet i KPA.

Vidare følgjer det av føresegn 1.2.1 til KPA at areal sett av til framtidig bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-2, jf. 20-1, kan tillatast. Frådeling som omsøkt er difor ikkje i samsvar med plankravet i føresegn 1.2.1 til KPA. I administrativt vedtak av 20.2.2018, saksnr. 37/2018, vart det gitt dispensasjon frå gjeldande plankrav, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner søknad om endring av gitt løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4.

Endringa inneber frådeling av eit areal på om lag 3250 m² frå gbnr. 24/3, 13000 m² frå gbnr. 24/5 og 1800 m² frå gbnr. 24/12, som vist på vedlagte situasjonskart. Frådelte parsellar vil ha same grunneigar som før frådelinga.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjenning - GBNR 24/27, 3, 5, 12 - Dispensasjon frå plankrav og løyve til arealoverføring - Langeland

Kartvedlegg 1

Kartvedlegg 2

Kopi til:

Jannecke Michelsen Langeland

Sagstadvegen 47 A 5918

FREKHAUG

Jorun Margrethe Espetvedt

Bustølvegen 62 5918

FREKHAUG

Knut Arild Langeland

Sagstadvegen 47 A 5918

FREKHAUG

Tonny Andre Langeland

Bustølvegen 7 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Meland Kommune

Ordfører Øyvind H. 5906
Oddekalv

FREKHAUG